



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 07.11.2016
Møtetid: 19:00 - 20:15
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Olaug Øystese (AP)	Øyvind Strømmen (MDG)

Andre som var til stades på møtet:

Hilde-Lill Våge, assisterande rådmann
Jan Erik Boge, sektorleiar organisasjon

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland (BL)
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Orienteringar/meldingar:	<u>Møte i styringsgruppa for effektiviseringsprosjektet måndag 14.11.2016</u> Knut Harald Frøland (BL) orienterte om at det vert møte i styringsgruppa for effektiviseringsprosjektet 14.11.2016 kl. 15.00. Møtet vil starta med synfaring på barneskulen og i barnehagane. Det vil verta sendt ut innkalling til møtet.
Utvalet sitt kvarter:	<u>Frivilligsentral</u> Arild Røen (H) orienterte om at han har vorte kontakta av Eva Hellevang vedrørende mogleg statleg tilskot til frivilligsentral. Odd Arne Haga (FRP) orienterte om at ordninga med statleg tilskot til frivilligsentralar vil verta avvikla frå og med 2017. Ansvaret for å gje tilskot då vil bli overført til kommunane. Administrasjonen fekk i oppgåve å undersøkje saka nærmare.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 15.11.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
060/16	16/944	Faste saker	
061/16	16/936	Godkjenning av avtale	

SAKNR. 060/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

07.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 i møteprotokollen for oversikt over kva saker/tema som vart tekne opp under "Skriv og meldingar" og "Utvalet sitt kvarter".

Samrøystes vedtak.

FORM-060/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 061/16
GODKJENNING AV AVTALE

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet.

07.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (BL) sette fram framlegg om at møtet vart lukka under handsaminga av saka, med heimel i kommunelova § 31.3 ("*Eit folkevald organ skal vedta å lukke eit møte når det skal behandle ei sak som vedkjem ein arbeidstakers tenesteforhold.*"). Møtet vart lukka under formannskapet sin debatt over om handsaminga skulle gå for lukka dører.

Møtet vart opna igjen før formannskapet røysta over om handsaminga av saka skulle gå for lukka dører. I røystinga vedtok formannskapet med 6 mot 3 røyster at handsaminga skulle gå for lukka dører.

Følgjande representantar røysta for at handsaminga skulle gå for lukka dører:

- Knut Harald Frøland (BL)
- Øyvind Røen (SP)
- Monica Tjønnå (SP)
- Lena Tveit (BL)
- Odd Arne Haga (FRP)
- Øyvind Strømmen (MDG)

Følgjande representantar røysta imot at handsaminga skulle gå for lukka dører:

- Inge Aasgaard (KRF)
- Arild Røen (H)
- Nils Aadland (AP)

Etter denne røystinga vart møtet lukka igjen. Møtet var lukka under resten av handsaminga av sak 061/16.

Knut Harald Frøland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet har fullmakt til å behandle avtale om alderspensjon for Tone Ramsli i samsvar med delegasjonsreglement for Samnanger kommune § 2.2.11 "Personal- og økonomiutvalet får fullmakt til å tilsetja, og seia opp ass. adm.sjef, samt gjere vedtak om løns- og arbeidsvilkår for adm. sjef og ass. adm. sjef.

Det vart røysta over framlegget. 5 representantar røysta for og 4 imot.

Følgjande representantar røysta for framlegget:

- Knut Harald Frøland (BL)
- Øyvind Røen (SP)
- Monica Tjønnå (SP)
- Lena Tveit (BL)
- Odd Arne Haga (FRP)

Følgjande representantar røysta imot framlegget:

- Inge Aasgaard (KRF)
- Arild Røen (H)
- Nils Aadland (AP)
- Øyvind Strømmen (MDG)

Knut Harald Frøland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner avtale om alderspensjon for rådmann Tone Ramsli. Det vert nedsett eige arbeidsutval med mandat å rekruttere ny rådmann til Samnanger kommune. Arbeidsutvalet skal bestå av ordførar, varaordførar, leiar i naturutvalet, Lena Tveit – BL, gruppeleiar Ap og hovudtillitsvald. Ordførar leiar arbeidsutvalet.

Det vart røysta over framlegget. 5 representantar røysta for og 4 imot.

Følgjande representantar røysta for framlegget:

- Knut Harald Frøland (BL)
- Øyvind Røen (SP)
- Monica Tjønnå (SP)
- Lena Tveit (BL)
- Odd Arne Haga (FRP)

Følgjande representantar røysta imot framlegget:

- Inge Aasgaard (KRF)
- Arild Røen (H)
- Nils Aadland (AP)
- Øyvind Strømmen (MDG)

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram krav om at saka skal leggjast fram for kommunestyret, med heimel i § 14-4 i kommunen sitt delegasjonsreglement (mindretalsanke). Følgjande 4 representantar røysta for å krevja at saka skal leggjast fram for kommunestyret:

- Øyvind Strømmen (MDG)
- Inge Aasgaard (KRF)
- Arild Røen (H)
- Nils Aadland (AP)

Følgjande representantar røysta imot:

- Knut Harald Frøland (BL)
- Øyvind Røen (SP)
- Monica Tjønnå (SP)
- Lena Tveit (BL)
- Odd Arne Haga (FRP)

På bakgrunn av at 4 representantar røysta for å krevja at saka skal leggjast fram for kommunestyret, må saka etter reglane om mindretalsanke i § 14.4 i kommunen sitt delegeringsreglement leggjast fram for kommunestyret.

FORM-061/16 VEDTAK:

Vedtak i formannskapet:

Formannskapet har fullmakt til å behandle avtale om alderspensjon for Tone Ramsli i samsvar med delegasjonsreglement for Samnanger kommune § 2.2.11 "Personal- og økonomiutvalet får fullmakt til å tilsetja, og seia opp ass. adm.sjef, samt gjere vedtak om løns- og arbeidsvilkår for adm. sjef og ass. adm. sjef.

Samnanger kommune godkjenner avtale om alderspensjon for rådmann Tone Ramsli. Det vert nedsett eige arbeidsutval med mandat å rekruttere ny rådmann til Samnanger kommune. Arbeidsutvalet skal bestå av ordførar, varaordførar, leiar i naturutvalet, Lena Tveit – Bl, gruppeleiar Ap og hovudtillitsvald. Ordførar leiar arbeidsutvalet.

Mindretalsanke:

På bakgrunn av at 4 representantar røysta for å krevja at saka skal leggjast fram for kommunestyret, må saka etter reglane om mindretalsanke i § 14.4 i kommunen sitt delegeringsreglement leggjast fram for kommunestyret.